

Tur nr 02 Åsetvatnet



Flott utsyn over Mørkridsdalen, Åsetvatnet med stølsgrender og Hurrungamassivet i Jotunheimen. Drivandefossen tett ved stien.

Tid:	5 timar (Total gangtid)
Høgde:	75– 850 moh
Lengd:	8 km tur/retur
Kart:	Mørkridsdalen 1418 II (1:50000), eller Breheimen (1: 100 000)
Post:	Ved brua over elveosen.
Merking:	T-merka sti



Parkering:

- Ta av frå riksveg 55 ved Haugsbrua i Skjolden. Kjør 5 km til Mørkrid.
- Ta til venstre 300 meter etter Mobrua
- Parkeringsplass 300 m lenger framme på venstre side.

N 61°32' 21" E 07°36'42"

Sone 32 N 6823630 E426190



Stien opp til Åsetvatnet er ein **gammal bufarveg og kløvjevveg** til stølsgrendene ved Åsetvatnet. Vegen er ikkje lang, men nokså bratt, serleg øvste delen. Samla stigning er 800 meter.

På vegen passerer vi **Drivandefossen** på kloss hald, og får god kjøling på varme dagar. Om lag midtvegs til toppen passerer vi **Kjerring_hilleren**. Ei gravid budeie på veg til bygda fødde eit barn her, fortel historia. Like før toppen, passerer vi **Hundkast**, ein bergknaus som har fått namnet sitt fordi ein mann skal ha kasta hunden sin utfor her for å kvitta seg med han. Flott utsyn mot Mørkridsdalen og Skjolden.

Når vi har passert Hundkast, er vi med ein gong inne i fjellheimen, og vi ser **Hurrung-massivet** stiga opp frå bak Bolstadnosi. Vi ser **Skagastølstindane**, **Ringstindane** og **Austabotntindane**.

Åsetvatnet er tre kilometer langt. Kring vatnet ligg tre stølsgrender: **Osen**, **Åsete** og **Fast**. DNT har hytte på Fast. I vatnet er det bra med fjellaure. Vanleg storleik er 300 til 500 gram. Ein kjempeaure på 6550 g vart teken på garn den 10. august 1996.

 **Vi ønskjer Dykk ein hyggeleg tur!**
Skjolden Aktiv og IL Fanaråk

Tekst-Foto-Utforming: Vatne Vision
vatne@post.com